

**Laurdagen blir litt spesiell for ein mann i Kaizers Orchestra under Festidalen - for då spelar trommeslagar og perkusjonist Rune Solheim på heimebane!
Han voks opp på Husnes og var ei tid trommeslagar i musikklaget her i bygda.**

No spelar han for tredje gong i Kvinnherad - han har vore med bandet to gonger tidlegare på Vift.

- Ja, det blir jo litt spesielt for meg, sidan eg er oppvaksen her. Dei to gongane vi har spelt på Husnes tidlegare har vi blitt veldig godt mottatt, seier Rune til innsida.no

Kaizers har i sommar spela rundt omkring på mange små bygdefestivalar og på fleire av dei har det vorte sett nye publikumsrekordar.

- Vi er i toppform og det blir eit forrykande opplegg, lovar Rune.

Men han er tilbakehalden med informasjon om kva publikum har i vente på jorden i Uskedalen.

- Vi har jo lyst til at det skal vera litt hemmeleg. Men eg kan lova at det blir nøyte utvalde låtar frå alt det beste vi har gjort, seier Rune.

Av Ola Matti Mathisen



Kaizers i aksjon på Vift. Rune Solheim i bakgrunnen, han spelar mellom anna på oljefat. (Foto: Kvinnheringen)